



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
64/2016	Kommunestyret	PS	27.06.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Eirik Haga	FA - Q10	15/876

UTTALE FRÅ VAKSDAL KOMMUNE OM E16 OG VOSSEBANEN - HEILE STREKNINGA VOSS-ARNA MÅ BYGGAST UT SNARAST RÅD!

Ordføreren sitt framlegg til uttale:

Vaksdal kommune vil innleiingsvis understreka at me er glad for at Regjeringa har vedteke å gå for K5 alternativet med parallell utbygging av veg og bane mellom Voss og Arna. Fyrste etappe, Arna-Stanghelle er under planlegging og planlagt oppstart er sett til 2021.

Situasjonen på heile strekninga Voss-Arna er prekær. Det er slik at heile strekket må stå klart så snart som råd. Kommunestyret vil difor be om at planarbeidet med Voss-Stanghelle òg kjem i gang snarast råd og det same gjeld bygging. Å bygga prosjektet frå begge endar, vil spare mange års byggetid.

Me meiner at ut frå risikoen på veg og bane må prosjektet ha høgste prioritet. Prosjektet handlar om liv og helse. Risikoen for at mange liv kan gå tapt, tilseier at det som kan gjerast vert gjort. Etter vårt syn er det særønskjeleg med samla kontinuerleg utbygging av heile strekninga i løpet av NTP-perioden som bunde prosjekt. Det krev prioritering og det krev sjølv sagt økonomiske ressursar.

På grunnlag av dette ber me om at Samferdsledepartementet kjem med ei tilleggsbestilling for resten av strekninga. Bestillinga må vera å be fagetatane om å gjennomføra ei analyse av moglegheitene for å forsera heile prosjektet og kva som skal til for å sikra parallell utbygging. Desse analysane må ligga til grunn for politisk avgjerd om å forsera prosjektet.

I arbeidet med NTP vil me be om at fyrste etappe, Arna-Stanghelle vert starta opp i fyrste del av planperioden, dvs i perioden 2018-2021 og at andre etappe, Stanghelle-Voss vert planlagt og gjennomført innan utgangen av planperioden.

Me vil òg peika på at ved parallell utbygging og planlegging vil ein unngå store utgifter til tunneloppgradering utover minimumskrava.

Vidare er det slik at me uansett skal leva med dei vegane me har i mange år. Det tilseier og at det må løyvast tilstrekkeleg med midlar til rassikring, til rasovervaking og til å utbetra omkøyringsvegane. Dette vil vera viktig òg i framtida, då alle omkøyringsvegane skal nyttast etter at K5 er ferdig.

Me vil og peika på følgjande:

- Heile K5 prosjektet må planleggast fram til Voss. Prosjektet må få ein særskilt status både for veg og bane. Dette særleg for å sikra tilstrekkeleg med planleggingsressursar.
- Kommunane langs vegen og banen er positive til at prosjektet vert gjennomført statleg plan. Det er vilje til å gjennomføra planlegging i ekspressfart.
- Spørsmålet om handtering av massar/massedeponi må ha høgaste prioritet.

Me ber om at våre innspel dannar grunnlag for ei tilleggsbestilling frå Samferdsledepartementet til Statens Vegvesen og Jernbaneverket. Denne tilleggsbestillinga må koma snarast råd og i god tid før NTP skal endeleg handsamast.

Kommunestyret - Sak 64/2016

KOM - Behandling:

Framlegg frå Tom Charles Johnsen, MDG:

K5-utbygging:

Sette ned et utvalg som ser på mulighetene/utfordringene rundt løsmasser fra tunellbygging

Røysting:

Ordføreren si tilråding samrøystes vedteke.

Framlegget frå Tom Charles Johnsen fekk 1 røyst (MDG) og fall

KOM - Tilråding/Vedtak:

Vaksdal kommune vil innleiingsvis understreka at me er glad for at Regjeringa har vedteke å gå for K5 alternativet med parallell utbygging av veg og bane mellom Voss og Arna. Fyrste etappe, Arna-Stanghelle er under planlegging og planlagt oppstart er sett til 2021.

Situasjonen på heile strekninga Voss-Arna er prekær. Det er slik at heile strekket må stå klart så snart som råd. Kommunestyret vil difor be om at planarbeidet med Voss-Stanghelle òg kjem i gang snarast råd og det same gjeld bygging. Å bygga prosjektet frå begge endar, vil spara mange års byggetid.

Me meiner at ut frå risikoen på veg og bane må prosjektet ha høgste prioritet. Prosjektet handlar om liv og helse. Risikoen for at mange liv kan gå tapt, tilseier at det som kan gjerast vert gjort. Etter vårt syn er det særønskjeleg med samla kontinuerleg utbygging av heile strekninga i løpet av NTP-perioden som bunde prosjekt. Det krev prioritering og det krev sjølvstøtt økonomiske ressursar.

På grunnlag av dette ber me om at Samferdsledepartementet kjem med ei tilleggsbestilling for resten av strekninga. Bestillinga må vera å be fagetatane om å gjennomføra ei analyse av moglegheitene for å forsera heile prosjektet og kva som skal til for å sikra parallell utbygging. Desse analysane må ligga til grunn for politisk avgjerd om å forsera prosjektet.

I arbeidet med NTP vil me be om at fyrste etappe, Arna-Stanghelle vert starta opp i fyrste del av planperioden, dvs i perioden 2018-2021 og at andre etappe, Stanghelle-Voss vert planlagt og gjennomført innan utgangen av planperioden.

Me vil òg peika på at ved parallell utbygging og planlegging vil ein unngå store utgifter til tunneloppgradering utover minimumskrava.

Vidare er det slik at me uansett skal leva med dei vegane me har i mange år. Det tilseier og at det må løyvast tilstrekkeleg med midlar til rassikring, til rasovervaking og til å utbetra omkøyringsvegane. Dette vil vera viktig òg i framtida, då alle omkøyringsvegane skal nyttast etter at K5 er ferdig.

Me vil og peika på følgjande:

- Heile K5 prosjektet må planleggast fram til Voss. Prosjektet må få ein særskilt status både for veg og bane. Dette særleg for å sikra tilstrekkeleg med planleggingsressursar.
- Kommunane langs vegen og banen er positive til at prosjektet vert gjennomført statleg plan. Det er vilje til å gjennomføra planlegging i ekspressfart.
- Spørsmålet om handtering av massar/massedeponi må ha høgaste prioritet.

Me ber om at våre innspel dannar grunnlag for ei tilleggsbestilling frå Samferdsledepartementet til Statens Vegvesen og Jernbaneverket. Denne tilleggsbestillinga må koma snarast råd og i god tid før NTP skal endeleg handsamast.

Saksopplysningar: